



TINN KOMMUNE

Klima- og Miljødepartementet

MELDING OM VEDTAK

Deres ref:
19/3350

Vår ref
2019/4565-4

Saksbeh:
Liv Rigmor Flå, tlf. 417 00 503

Arkivkode:
K70

Dato:
03.12.2019

Melding om vedtak - Forslag til endringer i vassforskrifta - høyringsfråsegn frå Tinn kommune


Viser til vedlagt vedtak.

Med helsing

Liv Rigmor Flå
rådgjevar

Brevet er signert og godkjent elektronisk og inneholder derfor ingen signatur.

Mottakere av dette vedtaket:
Klima- og Miljødepartementet

**SAKSFRAMLEGG****Forslag til endringar i vassforskrifta - høyringsfråsegn frå Tinn kommune**

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Samfunn- og miljøutvalget	64/19	27.11.2019

Behandling i Samfunn- og miljøutvalget – 27.11.2019:

Representant Magne Jenbergsen AP, fremmet følgende tilleggsforslag:
Det ønskes en bredere orientering om saken fra saksbehandler i neste møte.

Rådmannens innstilling med tilleggsforslag ble enstemmig vedtatt.
Det er seks representanter tilstede.

Vedtak i Samfunn- og miljøutvalget – 27.11.2019

Tinn kommune ser positivt på at vassforvaltningsarbeidet blir organisert i ein eigen vassregion som i store trekk fell saman med Vestfold og Telemark fylke. Det vil vera krevande både personellmessig og økonomisk å rigge ein ny vassregion, og det er ei forutsetning for å vidareføre det gode samarbeidet mellom alle aktørar i vassforvaltningsarbeidet i regionen at det blir overført nok statlege midlar til den nye vassregionen, både i oppstartsfasen og til vidare drift.

Det ønskes en bredere orientering om saken fra saksbehandler i neste møte.

Rådmannens innstilling:

Tinn kommune ser positivt på at vassforvaltningsarbeidet blir organisert i ein eigen vassregion som i store trekk fell saman med Vestfold og Telemark fylke. Det vil vera krevande både personellmessig og økonomisk å rigge ein ny vassregion, og det er ei forutsetning for å vidareføre det gode samarbeidet mellom alle aktørar i vassforvaltningsarbeidet i regionen at det blir overført nok statlege midlar til den nye vassregionen, både i oppstartsfasen og til vidare drift.

Innleiing:

Klima og miljødepartementet (KLD) har sendt forslag til endringar i vedlegg I og vedlegg VI i vassforskrifta på høyring, jf. brev datert 16.10.2019. Høyringsfristen er 28.11.2019. Som det framgår av vedlagt høyringsnotat frå KLD, er det forslag om følgjande endringar:

1. Justeringar av vassregionar og vassregionmyndigheit der det er endringar i fylkesgrenser som følgje av regionreforma (vedlegg I).
2. Justeringar og tilføyningar i vedlegg VI over eksisterande lover og forskrifter som skal leggast til grunn for tiltak (grunnleggande tiltak), samt få inn ein oversikt i vedlegget over tiltak som som ikkje er heimla i lover og forskrifter (supplerande tiltak).

Fakta:

EU sitt rammedirektiv for vatn vart vedteke i 2000, og innført i norsk lov ved vassforskrifta i 2007. Vassforskrifta er heimla i forureiningslova, vassressurslova, plan- og bygningslova og naturmangfaldlova. Formålet med vassforskrifta er å sikre godt vassmiljø og bærekraftig bruk av vassressursane. Vassforvaltninga skal vera basert på nedbørfelt, på tvers av geografiske og administrative grenser. Vassforskrifta deler landet i vassregionar, som igjen er delt i vassområde. Ein fylkeskommune i kvar region er utpeika til vassregionmyndigheit, som koordinerer plan- og prosessarbeid i vassregionen og utarbeider regional plan for vassforvaltning med miljømål for alle vassførekomstar og tiltaksprogram for å nå miljømåla. Dei andre fylkeskommunane innafor vassregionen har plan- og prosessansvar i eige fylke. Fylkesmennene har ansvar for det faglege innhaldet i vassforvaltningsarbeidet.

Tinn kommune deltek i arbeidet etter vassforskrifta i Aust-Telemark vassområde saman med Vinje og Notodden kommunar. Saman med 17 andre vassområde inngår Aust-Telemark vassområde i Vest-Viken vassregion, med Buskerud fylkeskommune som vassregionmyndigheit. Vassregionen omfattar store delar av Telemark, heile Vestfold, mesteparten av Buskerud og delar av Oppland. Mindre areal av Hordaland, Aust-Agder, Akershus og Sogn og Fjordane er også ein del av vassregionen.

Det lokale arbeidet i vassområda er eit spleiselag mellom kommunane, fylkeskommunen og staten, der ca 42 % er kommunale og fylkeskommunale midlar, og resten er statleg finansiert. Arbeidet i vassregionane er finansiert av fylkeskommunen og staten.

I tråd med regionreforma er det forslag om ei ny inndeling av Vest-Viken vassregion i vedlegg I i vassforskrifta, der alt areal i vassregionen som ligg vest for Drammensvassdraget vil danne den nye Vestfold og Telemark vassregion, med Vestfold og Telemark fylkeskommune som vassregionmyndigheit. (På grunn av at vassforvaltninga er basert på nedbørfelt vil vestre delar av Buskerud vera ein del av den nye vassregionen). Vestfold og Telemark vassregion vil innehalde 10 vassområde.

Vidare innheld forslaget til endringar i vassforskrifta justeringar og tilføyningar i vedlegg VI. Del A over grunnleggande tiltak (d.v.s. tiltak som følgjer av lover og forskrifter), vil få justeringar som gjeld avløp (punkt v) og i tillegg vil det bli tilføyd tre forskrifter som skal leggest til grunn for grunnleggande tiltak. (*Forskrift om delegering av myndighet til å fastsette regionale krav til jordarbeiding til fylkesmennene etter jordlova § 11, Forskrift om gjødselplanlegging, Forskrift om bærekraftig skogbruk*). Vidare skal det inn ein ny del B i vedlegget med oversikt over supplerande tiltak (d.v.s. tiltak som ikkje er heimla i eksisterande lover og forskrifter).

Vurdering:

Vest-Viken har vore ein velfungerande vassregion fram til vassregionkoordinatoren slutta i stillinga 01.04.2019. På grunn av dei annonserte endringane i vassregionorganiseringa frå 01.01.2020 vart det ikkje tilsett ny koordinator for resten av 2019 i vassregionen. Samtidig blir Vestfold og Telemark vassregion ikkje formelt oppretta før 01.01.2020. Manglande oppfølging frå Vest-Viken vassregion, ved sida av at Vestfold og Telemark vassregion ikkje er operativ, har ført til eit vakuum i vassforvaltningsarbeidet på regionalt nivå det siste halve året.

Det er no i gang eit arbeid for å førebu den nye vassregionen, men han vil truleg ikkje vera fullt operativ før litt ut i 2020. I tillegg er vassforvaltningsarbeidet inne i ein krevande periode i rulleringa av forvaltningsplanen, med gjennomgang av miljømål og oppdatering av alle tiltak i tiltaksprogrammet.

Vestfold fylkeskommune og Telemark fylkeskommunen har hatt plan- og prosessansvar i eige fylke, og bidratt i arbeidet med Regional vassforvaltningsplan for Vest-Viken vassregion 2016-2021. Derimot har dei ikkje erfaring som vassregionmyndigheit. Denne funksjonen vil kreve meir ressursar til vassforvaltningsarbeidet, i Vestfold og Telemark enn før, både personellmessig og økonomisk.

Miljømål og tiltak er to av dei viktigaste elementa i vassdirektivet og vassforskrifta. Bestemmelsane om kva som skal inngå i tiltaksprogrammet for å nå miljømåla er derfor heilt sentrale. Vassdirektivet stiller i vedlegg VI del A krav til kva for grunnleggande tiltak (tiltak heimla i eksisterande regelverk) som skal inngå i tiltaksprogrammet. I del B blir det opplista supplerande tiltak (tiltak som ikkje er heimla i eksisterande regelverk) som skal inngå i programmet dersom dette er naudsynt for å nå miljømåla. Vassforskrifta manglar del B om supplerande tiltak i dag, og bakgrunnen for forslag til endringar i vedlegg VI er gjort for å harmonisere vassforskrifta med vassdirektivet. Både grunnleggande og supplerande tiltak er alt teke i bruk i vassforvaltningsarbeidet i eit forsøk på å tette gapet mellom dagens miljøtilstand og vedtekne miljømål, og forskriftsendringa i vedlegg VI vil derfor ikkje medføre realitetsendringar.

Konklusjon:

Når regionreforma trer i kraft 01.01.2020 og Telemark og Vestfold blir eitt fylke, skal nye Vestfold og Telemark vassregion vera operativ og fylkeskommunen fungere som vassregionmyndigheit.

Telemark fylkeskommune og Vestfold fylkeskommune har tidlegare delteke aktivt i utarbeiding av regional plan for Vest-Viken vassregion 2016-2021, m.a. har fylkeskommunane vore plan- og prosessansvarleg i eigne fylke. Derimot har ingen av dei «gamle» fylkeskommunane erfaring som vassregionmyndigheit, og for at overgangen til eigen vassregion skal bli vellykka må det følgje med nok ressursar til å rigge den nye organisasjonen, både økonomisk og i form av kompetanse.

- 1 Høring: Forslag til endringer i vannforskriften vedlegg I mv.
- 2 Høringsnotat - Forslag til endringer i vannforskriften vedlegg I mv. (754